



UFD

16

200402804 71 614

Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår dato: 15/09/05
Vår ref.: 98/1036
Dykkar dato: 23.06.04
Dykkar ref.: 200402804
Sakshandsamar:

Høyringsfråsegn om endringar i forskrift om opptakskrav

Denne fråsegna tar berre opp spørsmål 1 om opptakskrav til allmennlærerutdanninga.

Høgskulen i Volda deler dei målsettingane som ligg til grunn for forslaget om særskilte opptakskrav for allmennlærerutdanninga. Det er svært viktig at vi utdannar lærarar med gode faglege kvalifikasjonar. Då treng vi motiverte studentar med høgast mogleg kompetanse. Vi erkjenner også at slik rekrutteringssituasjonen er i dag, er det studentar som startar på lærerutdanninga som ikkje har gode nok føresetnader.

Når det gjeld vurderinga av det konkrete forslaget om særskilte opptakskrav, viser vi til fråsegna frå Universitets- og høgskulerådet. Representantar frå høgskulen har vore sterkt involvert i arbeidet med denne fråsegna, og vi vil derfor gi uttrykk for at denne fråsegna samsvarar med dei oppfatningane Høgskulen i Volda har om forslaget.

Med vennleg helsing

Gunnar Stave
rektor